

## **EØS-avtalen**

**Ivaretaking av reelt demokrati og folkestyre er det viktigaste argument for å seia nei til avtalen.**

Økonomiske, sosiale og politiske kriser pregar uviklinga i EU-området. Tilliten til styresmakter og etablerte parti er fallande. Ei viktig årsak er at medlemslanda i Den Europeiske Unionen har overført suverenitet til politiske organ som ikkje står ansvarleg for folk i val. Nye byrå for det eine saksfeltet etter det andre tek over styringa. Ministerrådet er viktigaste lovgjevar i Unionen. Og Kommisjonen har einerett til å foreslå lover. Det folkevalde EU-parlamentet står utan avgjerande makt i lovspørsmål. EU-lovene har såleis ikkje sitt opphav i nasjonalforsamlingar under full kontroll av veljarane, men dei vert til i eit toppstyrt byråkratisert system og står over nasjonale lover. Lovgjevinga i EU respekterer ikkje folkesuvereniteten og bryt også med maktfordelingsprinsippet som ligg til grunn for alle demokratiske konstitusjonar. Denne situasjonen vert ofte karakterisert som eit «demokratisk underskot», men fortener kanskje heller karakteristikken «konstitusjonell katastrofe».

Hordaland Nei til EU, som var samla til årsmøte på Voss 2. mars 2018, meiner krisa i folkestyret i må løftast fram i den offentlege debatten med stort alvor. Mange årsaker kan forklare at britiske veljarar nyleg røysta for å melda Storbritannia ut av EU. Men parolen om å ta tilbake kontrollen over den nasjonale lovstillinga står i ein særstilling med si viktige melding til folka i Europa: At all lovstilling, utan unntak, må foregå i folkevalde forsamlingar der makta kan kontrollerast av folket. Alt internasjonalt samarbeid må skje i full respekt for folkestyret og ha det som eit ukrenkeleg utgangspunkt.

Gjennom EØS-avtalen er Noreg del av eit udemokratisk EU-system som riv ned tilliten til vårt styresett. Grunnlova peikar ut folket som utøvar av den «lovgivende Magt ved Stortinget», den einaste kjelda for lovstilling. Men landet glir bort frå folkestyret kvar gong eit stortingsfleirtal blir for sterkt knyttet landet opp til EUs lovprosess. Hordaland Nei til EU meiner at denne utviklinga er svært urovekkjande og det klart viktigaste argumentet for eit nei til EØS-avtalen, som i kjølvatnet til Brexit må erstattast av ein frihandelsavtale.

Fylkesårsmøtet vedtok denne uttalen einstemmig.

John Dale